



Bjarte Jostein Skintveit
Rosslandsvegen 1240
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1181 - 19/15923

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

16.07.2019

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg - Naustvegen Gbnr. 43/ Ryland

Administrativt vedtak. Saknr: 160/2019

Saksutgreiing:

Bjarte Jostein Skintveit har i søknad dagsett 13.05.2019 søkt om løyve til å byggje ein traktorveg på Gbnr. 43/7. Det er søkt om å byggje ein traktorveg i vegklasse 7 på om lag 99 meter. Vegen er tenkt nytta til følgjande formål: 10 % skogbruk, utmark 10 %, jordbruk 20 %, gardsturisme 50 % og anna (fiske) 10%. Vegen har 100 % landbruksformål. Vegen har eit totalt dekningsareal på 15, kor 8,3 daa er skog og 6,7 daa jordbruksareal. Det er om lag 175 m³ med skog innafor vegens dekningsområde. Byggjekostnad er kalkulert til ca. 75 000,-.

Eigedommen har 15,3 daa fulldyrka jord, 6,7 daa overflate dyrka jord, 30 daa produktiv skog og 16,6 daa anna areal. Vegen skal gå over eit areal med fulldyrka jord mot skogen som står ved Storavatnet. Jordbruksarealet vert nytta til slåttemark, og er i drift ved jordleige. Garden driv med gardsturisme/utleige av overnatting. I samband med dette vert det leigd ut båt, og naustet dette skjer i frå ligg ved Rylandsvatnet. Søkjar ynskjer å få betre tilkomst til skog og naust, og å unngå skader på innmark ved køyring på denne. Det er planlagt at vegen skal byggjast slik at den ikkje vil vere til hinder for slått av arealet.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjør hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjør landbruksformålet all planlagt bruk av vegen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er i dag ikkje vegtilkomst til skogen mot Rylandsvatnet, og ved framtidig uttak av tømmer må dei krysse innmarka som vert nytta til slåtteareal. Skogbruket nyttar store tunge maskinar, og utkjøring av tømmer kan gje store køyreskader på innmarka ved til dømes nedbørsrike periodar. Ein traktorveg kan lette utkjøring av tømmeret samstundes som ein unngår skader på dyrka mark. Vidare vil vegen kunne lette drifta på det dyrka arealet uavhengig av vêrtilhøve. Dagens landbruksmaskiner og utstyr er tungt, det kan gje utfordringar på køyresvak mark som til dømes myr jord i nedbørsrike periodar. Dersom ein kan gjere ein del skjøtsel og drift frå vegane kan det redusere køyreskader på innmark. Køyreskader på innmark kan gje utfordringar for grasproduksjon og kan vere vanskeleg å bøte på. Søkjar driv med gardsturisme og leiger ut hus for overnatting, som en del av dette leiger han også ut båt som nyttast på Rylandsvatnet. Traktorvegen vil gje lettare tilkomst til naustet for dei som skal leige båt, men også for søkjar i samband med tilsyn og vedlikehald av utstyr og naust.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskrifta §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Vestland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune.

Fylkesmannen i Vestland har ingen merknad til søknaden.

Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Fylkeskommunen gjer samstundes merksame på meldeplikta etter kulturminnelovs § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Meland kommune v/kulturavdelinga har ingen merknad til saka.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (nml) §§8-12, jf.§ 7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Ryland, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil ikkje auke utbygginga i området i vesentleg grad, det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid og det er planlagd å byggje ein veg på om lag 99 meter. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil bli vesentleg auka, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Nml §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjon vil etter ein samla vurdering gje løyve til bygging av Naustvegen i traktorvegklasse 7 i ein lengde på om lag 99 meter. Det er administrasjonen sin vurdering at tiltaket vil vere viktig for å sikra god tilkomst til skogen og redusera skaderisiko ved utkjøring av tømmer. Vegen vil også kunne redusere risiko for køyreskader og jordpakking ved drift av slåttearealet.

Vedtak

«Meland kommune gjev med heimel i landbruksvegforskrifta §§ 3-2, 3-3 og 3-4 løyve til bygging av landbruksvegen naustvegen. Det skal byggast om ca. 99 meter traktorveg i vegklasse 7.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 7 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 01.08.2022.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Ved bygging må det takast omsyn, slik at ein ikkje får avrenning av lausmassar, humus eller liknande ned mot Rylandsvatnet.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakere:

Bjarte Jostein Skintveit

Rosslandsvegen 5917
1240

ROSSLAND